


Erklæring

Meland kommune skal bygge ferdig eksisterande vass- og avlaupsanlegg på Eikeland. I samband med anlegget gjev grunneigarar av gnr 42 bnr 135, ved underskrivne representant, løyve til Meland kommune for anlegg av borehol og etablering av vatn og avlaupsleidning under eigedom 42/135. Den aktuelle plasseringa av leidningar, borehol og slamavskiljar er synt på vedlagde forstørring av kart. Boreholet vil liggje i fjell ca 2,5 m under terrenghøgda til eigedomen. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til eigedomen i anleggstida og for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald. Kommunens bruk av reiskap/anleggsmaskinar/bilar o.a. i anleggtida må ikkje hindre tilgang til/bruk av dei oppmerka parkeringsplassane utan nærare avtale. Underteikna er representant for eigarane og kan i så fall vere hjelpsam med kontakt med dei einskilde eigarar.

Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg

Vidare vert det gjeve løyve for tilkomst til slamsugebil for tømning av kommunal slamavskiljar 1-2 gangar i året. Meland kommune vil stelle i stand, forsterke og gruse parkeringsplassen slik at den vert tilpassa slamsugebilen.

Bergen, 28. mars 2014



Underskrift representant

Trygve Hillestad
Bekkjarvikveien 94
5114 Tertnes
Tlf. 901 97 501